



Hordabø Idrettslag
Frode Myking
Radøyvegen 2975
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16384 - 20/67602

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.
no

Dato:
26.10.2020

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 424/274 Bø

Tiltak: lager
Byggjestad: Gbnr: 424/274
Tiltakshavar: Hordabø Idrettslag
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 29.09.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonkartet må vera målsatt mot grensa i sør. Om det syner seg at tiltaket kjem nærmare enn 4 meter frå nabogrensa, er det naudsynt med samtykke frå nabo eller dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-4.
2. Delar av eksisterande idrettsbygg er plassert utanfor område avsett til «idrettsanlegg» og inn på LNF-område. Planlagt tiltak er plassert innanfor areal avsett til LNF-område i gjeldande kommunedelplan. Det er naudsynt med dispensasjon frå arealføremålet. Ein dispensasjon må vera grunngjeve og nabovarslast (sjå vedlegg).

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan **18.12.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon

Mottakarar:

Hordabø Idrettslag

Radøyvegen 2975

5937

BØVÅGEN